

Utvikling

Det har vore kjølige forhold dei siste dagane, men denne veka er våren på besøk i alle fruktdistrikta. Utviklinga går fort framover, slik at no gjeld det å være klar for blomstring. På vestlandet er blomstringa alt i gang i steinfrukt, pære og dei tidlegaste eplesortane nærmar seg òg.

Gjødsling

Gjødsling bør vere utført no. Pass på å molde det godt ned. Skal en ha økologisk gjødselvatning kan det starte no. Det er fleire alternativ til gjødselmiddel. Hugs å skylle rørsystemet etter bruk, minst 15 min med reint vatn. Elles kan det starte å gro i rørsystemet.

Ugras

Planlegg å få frest kvar tredje veke fram til blomstring. Når det blomstrar bør trea ikkje bli stressa med ugrasreinhald. Bruk då maskiner som går langs rada eller vent til blomstringa er ferdig.



En runde ugrasfresing til før blomstring skal være mogeleg, trea er nå på grøn ballong.



Set ein igjen hanekammen på midten, må denne slåast eller fjernast på anna måte. Spesielt brennenesle kan fort vekse seg høg.

Kjernefrukt

Insektsbekjempning



Bilete 1: viser larve som gnep på bladverket og etterkvart på blomsten. Artsbestemming kan vere vanskeleg, men det er nok ein art av viklarlarve. Før blomstring kan det å leite etter symptom som gnag og avføring vere metoden for å få oversikt over larver. Frå ballongstadiet og avblomstring er bankeprøve metoden. Turex 50 WG kan brukast om det er mykje larver.

Det er fleire moglegheiter for insektbekjemping i økologisk drift i år enn nokon gong tidlegare. Bruk moglegheita til å få erfaring med bruk av feromonforvirring, bakterie- og viruspreparat:

Turex 50 WG er eit biologisk insektmiddel basert på sporar frå bakterien *Bacillus thuringiensis spp. aizawai*.

Isomate CLS Plus er eit feromonprodukt i eingangsdispenserar som hengast opp i trea. Feromona bør være oppe seinast ved avblomstring, men gjerne tidlegare.

Madex Top er eit virus (*Cydia pomonella granulovirus*) som verkar ved at epleviklar-larvene kjem i nærbane med behandla materiale. Sprøytetidspunkt og dosering skal tilpassast eggklekkings-kurven i RIMPro-varsling for epleviklar. Viktig å oppbevare middelet kjølig, helst i fryseboks.



Bilete 2: til venstre: feromonfeller bør hengast opp no for overvaking av viklarar. Bilete til høgre viser rett oppheng av feromonforvirring Isomate CLS.

Ebleskurv

Ebleskurv overvintrar på gamalt lauv frå året før. Var skurvkapen i fjor for dårlig kan ein ha fått greinskurv også, særleg utbreitt er det på pærer. Har ein mykje lauv med ebleskurusmitte skal ein vere tidleg ute og gjere godt arbeid i forhold til skurvbekjemping denne sesongen.


Ved stort smittepress skal ein dermed reagere på mindre skurvvarsel enn om ein hadde lite ebleskurv på bladverket i 2022.

Tolking RIMpro-varsel for ebleskurv

RIMpro er eit kombinert varslings- og simuleringsprogram for m.a. ebleskurv. Følg med på [Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](http://Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb (vips-landbruk.no).).

For det viktige varselet denne veka er det fleire moglegheiter for tiltak for dei stasjonane det var utslag. Alle bør ha sprøyta førebyggjande mot ebleskurv på vestlandet.

1. Førebyggjande før regn. Thiovit Jet. Verknaden avtek med regnet, men det er førebyggjande effekt til midt på dagen onsdag.
2. Sprøyting i infeksjonsvindauge med Thiovit Jet. Må gjerast før RIM-fareverdien tek til å klatre på tysdag.
3. Kurativ sprøyting når det har tørka litt opp no på torsdagen. Må utførast før ein passerer det oransje feltet i grafen.



Bilete 3: viser stasjonen Ornes i Sogn som vi kikka på siste utsending. Det har der gått eit kraftig infeksjon i starten av veka og det er forventa eit skurvangrep til før 17. mai.

Titak mot epleskurv:

- ✓ Nordox 75 WG; 75-100 g/daa. Unngå bruk etter musøyre pga sviskade. Innblanding med Thiovit Jet kan med fordel gjerast med redusert dose til 15 g/daa.
- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bland inn 15 g/daa Nordox 75 WG fram til tett klyngje.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timer.
- ✓ Natron; 500 g/daa. Kan oppstå sviskadar på dunakart og om det tørkar seint opp.

Mjøldogg

Thiovit Jet verkar også mot mjøldogg, så ein runde eller to kan være gunstig for å halde mjøldogg i sjakk. Klypp bort infiserte skott.

Bladmidd

Sovel (Thiovit Jet) tek også bladmidd om det er over 12 grader ved sprøyting.

Gjenta sprøytinga etter 5-10 dagar.